



Sak nr 22/2021

Møtedato: 15.06.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S 759, Fauskehaugen – Bygge på sel

Marte og Frode Myrvang søker om å bygge på eksisterende sel slik at totalareal etter påbygging blir 78,7 m2 BRA.

Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Utdrag frå Statskog si uttale datert den 02.06.21:

Det søkes om å få bygge på selet med ca 30 m2. Søknaden begrunnes med at eksisterende seterhus er lite for en familie på 6, og at de ønsker å gjøre dette med tanke på å starte opp igjen drifta på gården. Det planlegges også å installere strøm i tillegg til eget VA-anlegg på setra. I følge søknaden er det i dag grasproduksjon på gården, men det fremkommer ikke av søknaden hva slags produksjon de ønsker å starte opp igjen med. Ut i fra kart og flybilder ser det ut som om det er lenge siden det har vært grasproduksjon på stølen.

Saken skal behandles etter Seterforskriften § 10. Fjellstyre skal gjøre en konkret vurdering av hva som er nødvendig og rasjonelt ut i fra driftsmessig behov på setra. Søknader om utviding av eksisterende seterbygninger skal vurderes ut i fra søkers landbruksmessige behov. Fjellstyret må vurdere om tiltaket er vesentlig for å gjennomføre de landbruksmessige tiltakene på gården.

Statskog er positive til at en starter opp igjen drifta og har ingen merknader til utvidelse av bygningen på setra, men fjellstyret må gjøre en konkret vurdering av behovet og at denne vurderingen fremkommer i saksfremlegget. Gitt denne forutsetningen har ikke Statskog større innvendinger eller kommentarer til søknaden.

Fjellstyret mottok uttale frå Innlandet fylkeskommune, kulturarvenheten 14.06.2021:

Innlandet fylkeskommune vil ikke motsette seg oppføring av tilbygg, men anbefaler å justere tiltaket noe jfr. Våre råd til søker.

Begrunnelse for vår konklusjon

Omsøkte tiltak har et uttrykk som er godt tilpasset den lokale byggeskikken. Tilbyggene er derimot planlagt slik at selet får en utradisjonell form, med tilbygg, med nesten lik størrelse, både mot nord og sør. Selet er av nyere dato og har i seg selv liten kulturminneverdi, men er allikevel et viktig element i stølsmiljøet. Vi ber derfor fjellstyret spesielt å vurdere faren for presedens ved å åpne opp for tilbygg med en slik form.

Dette vet vi om kulturminnet/kulturmiljøet

Selet er av nyere dato (etter 1965 i henhold til historiske flyfoto) og er ikke SEFRAK-registrert, men stølen ligger innenfor Stølsvidda UKL (utvalgte kulturlandskap). Bygningen har slik sett ingen formell vernestatus, men er viktig som element i stølsmiljøet.

Tiltak i byggesaken vi har vurdert

Omsøkte tiltak omfatter tilbygg mot sør og nord for å tilrettelegge for økt bruk og deretter aktiv stølsdrift. Det er planlagt å legge inn strøm og vann. Selet er i dag ca 50 m2, og med nye tilbygg blir det ca 80 m2. Tiltaket har et uttrykk som er godt tilpasset den lokale byggeskikken. Selet vil derimot få en form som et kryss, med nesten like store deler ut i alle fire retninger. Et sel med en slik form og volum fremstår som et fremmedelement i stølsmiljøet.

Veiledning og råd til søker

Vi vil råde søker til å vurdere andre muligheter for tilbygg for å få tilrettelegge for økt plassbehov samtidig som i større grad ivaretar den lokale byggeskikken. En kan for eksempel vurdere et tilbygg i ene retningen som planlagt og eventuelt supplere plassbehovet med et tilbygg til som en forlengelse av det opprinnelige selet.

Stølen er i bruk og det er behov for sel i drifta. Statskog har ingen merknader til at fjellstyret godkjenner tilbygget. Innlandet fylkeskommune tilrår endra form på tilbygget som gjer at det ikkje vert eit framand element i stølslandskapet

Fjellstyret skal etter §10 gjera ei vurdering av utforming og ev. stille vilkår. I likande saker har fylkeskommunen uttala at utforming av bygningen er viktig for tilpassing til stølsmiljøet. Huset bør ha materialbruk, takvinkel, form, fargebruk og detaljering som harmonerer med dei andre bygningane. Vindauga bør vera tradisjonelle, sidehengsla med gjennomgåande sprosser. Fjellstyret bør i utgangspunktet råda søkjar til å følgje generell tilråding frå fylkeskommunen.

Det er imidlertid godkjent liknande bygg tidlegare i statsallmenninga, på 94/1/657 (i 2012). Denne godkjenninga kan gje ein presedens, både for fjellstyret og fylkeskommunen si sakshandsaming. I 2012 vart det gjeve løyve til liknande oppføring, og fjellstyret sitt vedtak vart då ikkje påklaga av fylkeskommunen.

Ang storleik på selet heng dette saman med drift, samt andre moment. Når det gjeld drift, er det planlagt drift som er grunnlaget for søknaden. Det er heller ingen fjøs på stølen, slik at eventuell drift med dyr krev større investeringar dersom det skal vere tilknytt fjøs.

Det å drive med utegåande beitedyr eller slått, krev ikkje i same grad type husvære som t.d. med mjølkedrift. Det at dei er ein stor familie med 4 born kan telle ein del men slik teikningane viser legg ein ikkje opp til eige soverom til alle borna uansett.

Administrasjonen finn etter individuell vurdering av denne søknaden, at det vil kunne dekke det behov som er synleggjort i søknaden med eit husvære/sel på ca 70 m2. Dette ville også vere i tråd med dei løyver som er gjeve tidlegare, med same type drift som her er skissert.

Det inneber at administrasjonen tilrår at byggesøknad kan godkjennast med nye teikningar der selet ikkje skal vere vesentleg større enn 70 m2.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte påbygging av sel og godkjenner jfr § 10 i stølsforskriftene tilbygg med nye teikningar der selet ikkje skal overstige 70 m2 i vesentleg grad. Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne nye teikningar.

Fjellstyret ber søkjar om å følgje ev. tilråding frå Innlandet

Eventuelt VA-anlegg er ikkje ein del av denne søknaden, og vert difor ikkje handsama i denne saka. Dette kan imidlertid godkjennast som delegert sak av administrasjonen men det må då sendast inn plassering av VA-anlegget som primært bør vere plassert inne på stølsfeste.

.

Nytt forslag til vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte påbygging av sel og godkjenner jfr § 10 i stølsforskriftene tilbygg. Ein finn det er eit større behov for omsøkt areal grunna det er gjenbruk av eksisterande sel som sett avgrensingar for utnytting av arealet.

Fjellstyret meiner at med nye isolasjonskrav, samt tilpasning til tida og tilhøve gjer at ein på generelt grunnlag må kunne akseptere noko større sel i dag samanlikna med før.

Fjellstyret ber søkjar vurdere å følgje tilråding frå fylkeskommunen, der administrasjonen får fullmakt til å godkjenne eventuelle nye teikningar.

Eventuelt VA-anlegg er ikkje ein del av denne søknaden, og vert difor ikkje handsama i denne saka. Dette kan imidlertid godkjennast som delegert sak av administrasjonen men det må då sendast inn plassering av VA-anlegget som primært bør vere plassert inne på stølsfeste.

Vilkår for godkjenning av søknaden er at planlagt drift vert sett i verk snarast mogleg.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte påbygging av sel og godkjenner jfr § 10 i stølsforskriftene tilbygg. Ein finn det er eit større behov for omsøkt areal grunna det er gjenbruk av eksisterande sel som sett avgrensingar for utnytting av arealet.

Fjellstyret meiner at med nye isolasjonskrav, samt tilpasning til tida og tilhøve gjer at ein på generelt grunnlag må kunne akseptere noko større sel i dag samanlikna med før.

Fjellstyret ber søkjar vurdere å følgje tilråding frå fylkeskommunen, der administrasjonen får fullmakt til å godkjenne eventuelle nye teikningar.

Eventuelt VA-anlegg er ikkje ein del av denne søknaden, og vert difor ikkje handsama i denne saka. Dette kan imidlertid godkjennast som delegert sak av administrasjonen men det må då sendast inn plassering av VA-anlegget som primært bør vere plassert inne på stølsfeste.

Vilkår for godkjenning av søknaden er at planlagt drift vert sett i verk snarast mogleg.

*Generelle reglar om fjellstyrevedtak:**Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.**Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.**I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 21.06.2021

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Statskog
Vestre Slidre kommune
Innlandet fylkeskommune